

70.000 kroner til doseraren

12.07.2009



Kalkdoseraren er avgjerande viktig for fiskene i vassdraget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen held oppe tilskotta til kalkdoseraren i Børsdalselva/Uskedalselva.
Kalkkinga av vassdraget er avgjerande viktig for å halda oppe vasskvalitet og livsvilkår for fisk og mikroorganismar i vassdraget og dermed sikra det biologiske mangfaldet.
Fylkesmannen har difor varslet at miljøvernnavdelinga vil gje kommunen refusjon for 30.000 kroner i utgifter til drifta i fjor og i tillegg eit tilskott på 40.000 til laupande utgifter i år.

Fylkesmannen tek sikte på å gje kommunen eit tilskott for drifta i 2010 når han har motteke oversynet over forbruket i 2009 - innan 1. mars neste år.

Eit årleg forbruk på rundt 150 tonn fører til at vasskvaliteten blir stabilisert og at surt vatn vert nøytralisiert.

I tillegg skal helikopterkalkinga av vassdraget halda fram. Miljøvernnavdelinga opplyser at prosjekta i Hordaland truleg vil verte kalka frå 10. til 23. august. Som i tidlegare år betaler avdelinga eit entreprenørfirma for jobben og det er i dette tilfellet Franzefoss Miljøkalk. I Børsdalselva/Uskedalselva skal det spreiaast 10 tonn grovkalk.

Det blir foreteke helikopterkalking i ein lokalitet til i Kvinnherad denne hausten og det er Fuglatjørn på vegen til Matre. Der skal det spreiaast tre tonn grovkalk.

Av Ola Matti Mathisen